

Knut-Arve Kartveit  
Radøyvegen 1275  
5936 Manger

Radøy kommune  
v/Kjersti Flatråker  
Radøyvegen 1690  
5936 Manger

**Merknader til Snekkevik - reguleringsendring**

**2. gongs høyring og offentleg ettersyn**

Arkivsaksnr. 14/524 Dokumentnr. 14/5797

Som eigar av hyttetomt gnr. 64, bnr. 79 som er regulert i eksisterande reguleringsplan for Snekkevika vil eg koma med fylgjande merknader:

1. Kva er grunnen til at planområdet er utvida slik at det dekkjer det området som ligg i gjeldande reguleringsplan frå 1985 ?

Eg har heile tida trudd at denne reguleringsendringa gjaldt eigedomen til Helge Grindheim og ikkje min eigedom.

Kvífor er det kun min eigedom i eksisterande reguleringsplan som vert råka av dette ?

Dette har medført at min hyttetomt som allerede var godkjent i 1985 no i den nye reguleringsplanen p.g.a. steinalderlokalitet som er funne i området difor ikkje er vist som hyttetomt i det nye planframleggjet. Denne hyttetomten vert difor nesten verdilaus for meg.  
Eg har tidlegare ved 1. gong utlysing av den nye reguleringsplanen bedt om å få flytta plasseringa av hytta på tomten min opp på flaten der det no er gjort steinalderfunn i ettertid.  
I eksisterande godkjent plan ligg hytta plassert inntil allerede oppført hytte i omsynsfeltet for kulturminne og eg ber difor om at hytta vert plassert som i denne planen frå 1985.

**Hytta vil då vera plassert i omsynssona for steinalderlokalitet.**

**Eg vil difor søkja om dispensasjon frå Kulturminnelova for oppføring av hytte som plassert i eksisterande godkjent reguleringsplan frå 1985.**

Min hyttetomt var frådelt i 1969 og har venta alle desse åra med å byggja p.g.a. fylgjande:

1. I 1971 vart heile området lagt ut til friområde i Generalplan for Radøy kommune.  
Ingen fekk då byggja på hyttetomtene som allerede då var frådelte.  
Etter ynskje frå grunneigarane vart området regulert og godkjent i eksisterande reguleringsplan frå 1985.
2. Den gangvegen som er regulert i eksisterande plan fram til tomten min er vanskeleg å bruka utan at den vert utbetra - den er myrlendt og bratt.  
I byrjinga av denne gangvegen er det gnr. 64, bnr. 50 som eig og eigaren Arthur Størksen har nekta meg å bruka denne. Difor har eg ikkje kome meg bort til hyttetomten min med materialer.  
Eg har vegrett over eigedomen som Helge Grindheim eig iflg. skjøtet på tomten min.  
Eg har difor venta med bygging i påvente av at denne vegretten skulle løysa seg då.

Strandlinia for gnr. 64, bnr. 79 som eg eig er framleis regulert til naustområde og kan vel då nyttast til oppføring av naust, plassering av båt, brygge m.m. slik dei andre i dette naustområdet kan iflg. dei nye reguleringsføreseggnene ?

Kven er det som har rett på dei 13 båtplassene som vert regulert i dette området ?

Er det då medrekna båtplass på min tomt ?

Når det gjeld gangveg til gnr. 64, bnr. 28 har eigaren av denne bedt om alternativ plassering av denne avdi denne går over min eidegom noko som er gjort i den nye reguleringsplanen.

Håpar på positivt svar slik at eg endeleg kan få byggja hytte på tomten som eg eig.

Manger, 15.september 2014

*Knut-Arve Kartveit*

Knut-Arve Kartveit